

## Sunnhordland Kraftlag AS - Halvårsrapport 2019

### Konsernet Sunnhordland Kraftlag AS

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan vasskraft-produksjon. Konsernet sine anlegg ligg hovudsakleg i Hordaland og Rogaland fylke. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2,3 TWh. Selskapet deltek dessutan i kraftproduksjon i Sauda gjennom sin eigardel på 15 % i Saudefaldene AS. Konsernet har også satsing innan småkraft som skjer hovudsakleg i eigne dotterselskap og tilknytt selskap.

### Resultat pr 1.halvår 2019

Resultat pr. 1. halvår vart 114,6 mill.kroner etter skatt mot 115,2 mill.kroner for same periode i 2018. Driftsresultatet vart totalt 252,7 mill. kroner mot 280,5 mill.kroner i 2018.

Totale driftskostnader utgjer 231,7 mill.kroner, mot 253,7 mill.kroner for tilsvarande periode i 2018. Særleg lågare overføringskostnader og lågare andre driftskostnader bidrog til reduksjonen. Netto finanspostar er positivt med 9,9 mill.kroner mot negativt med 7,3 mill.kroner i 2018 og skyldast mellom anna auka utbytte frå eigarskapet i Saudefallene AS samt lågare netto renteberande gjeld gjennom første halvår 2019.

Eigenkapitalen var 2 433,4 mill.kroner pr 30.06.2019 av ein totalkapital på 3 691,2 mill.kroner. Eigenkapitalandelen var 65,9%, mot 64,2%, på tilsvarande tidspunkt i 2018. Totale renteberande gjeld utgjorde 718,7 mill.kroner.

### Kraftproduksjon

Faktisk produksjonen var første halvår 2019 totalt 881 GWh i SKL AS sine anlegg, mot 1 078 GWh i tilsvarande periode i 2018.

Selskapet sin del av produksjon i heil eller deleigde småkraftselskap utgjorde 33,1 GWh i første halvår 2019 mot 33,6 i 2018. Det er ikkje satt i drift nye småkraftanlegg 1. halvår 2019.

Gjennomsnittleg områdepris i NO2 i første halvår 2019 vart 41,3 øre/kWh, medan tilsvarande periode i 2018 var 36,5 øre/kWh. Høgast månadleg gjennomsnittspris i første halvår 2019 var januar med 54,3 øre/kWh, medan juni vart lågast i perioden med 29,5 øre/kWh.

Hovudvolumet av kraft vert seld til løpande spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i perioden vart 44,1 øre/kWh eksklusiv systemtenester, og 44,3 øre/kWh når ein inkluderer inntekter frå frekvensstøtte i primær- og tertiærmarknadene.

## Investering i driftsmidler og finansielle anlegg

Det er gjort ny- og reinvesteringar for 101,7 mill.kroner innanfor heileigde kraftverk. Dei fysiske arbeida knytter seg hovudsakleg til bygging av nye Løkjelsvatn Kraftverk i Litledalen, Etne. Arbeida i fjellet starta ved nyttår og tunnel-arbeid på adkomst- og utløpstunnel pågår. Arbeida går hovudsakleg etter plan. Det er også starta byggjearbeid på småkraftverket Risvollselva Kraftverk i Sauda. I tillegg er arbeideide med riving av stasjonshall for gamle Blåfalli 2 i slutfasen. Dette er arbeid som følgjer av utbygginga av Blåfalli Vik i 2007.

## Helse, miljø og sikkerheit

Konsernet hadde ein H1 verdi på 0 pr. juni 2019, same som for 2018. Sjukefråværet i konsernet var på 2,3% første halvår 2019 mot 3,1% i same periode i 2018.